

Tysnes Sparebank informerte på Oska.

17.11.2017



Daniel Haugland(f.v.), Karoline Dalen og Dag Sandstå fra Tysnes Sparebank.

Tysnes Sparebank inviterte torsdag kveld til informasjonsmøte på Oska. Dei som var til stades, fekk interessann informasjon om historia til banken og den eventyrlige utviklinga i denne banken dei siste åra. Sentralt var også info om emisjonen som pågår i Tysnes Sparebank i denne månaden.

Tysnes Sparebank var godt representert på Oska denne kvelden. Bankjef Dag Sandstå, økonomisjef Karoline Dalen og Daniel Haugland fra Husnes-kontoret var på plass saman med styreformann Leif Magne Hovland. Siren Simmones ved Husnes-kontoret var ikkje der då ho ferierer i Australia for tida.

Aller først i programmet fortalte innehavaren av Oska, Roy Lervåg, om sin bakgrunn, og om Oska og Smakifråkonseptet. Denne kvelden serverte Lervåg mingle-tapas, og det smakte som det pleier på Oska; - heilt uovertruffent!!

Då Dag Sandstå overtok ordet, sa han har maten og heile atmosfæren tydde på at Oska var ein juvel. Han ville så snakka om ein annan velslipt juvel; - 154 år gamle Tysnes Sparebank som lenge var ein bank for berre Tysnes. I 2013 fekk banken nye store muligheter til å ekspandera. Både Kvinnherad Sparebank og Sparebanken Hardanger gjekk inn i annan bank, og dermed var ikkje grensene så faste lenger. Tysnes Sparebank kunne ekspandera i desse områda. Hovudkontoret er framleis på Våge, men banken har no 7 avdelingskontor, eitt av dei på Husnes. Talet på kundar er nesten tredobla på denne korte tida, og omsetningen har auka kraftig. Frå eit resultat i 2013 på 3 millionar er det forventa at resultatet vert 20 mill. for inneverande år. Ei eventyrlig utvikling!

Målinger viser at Tysnes Sparebank har dei mest fornøgde kundane i Sunnhordland, og det ligg heilt i toppsjiktet også i heile landet. Kundane legg stor vekt på nærleik, god kontakt og oppfølgjing. Nyleg var også banken med og etablerte Aktiv Eiendomsformidling som har heile Sunnhordland som sitt område.

Det var svært interessant å høyra banksjef Dag Sandstå fortelja om det som har skjedd i banken siste åra. Dessverre måtte eg gå til anna oppdrag, men seinare kom dei inn på emisjonen som no pågår. Banken inviterer til teikning av eigenkapitalbevis til kurs 105. Banken utsteder 333.333 eigenkapitalbevis. Teikningsperioden som nett har starta, vert avslutta 27.november kl.15.

Informasjon om emisjonen finn de ved å klikka [HER](#).

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland